



Anja og Nils Rainer foran Lille Blå på Sandakaiaen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

6 år gamle Nils Rainer ,som bur i Søre Skorpevågen på Skorpo, vart elev ved skulen i haust. Dermed vart det også skuleskyss til og frå Skorpo og no inviterer mor Anja Struter alle interesserte til å sitte på!

- Vi skal ikkje ha betaling heller, hvis ikkje ventetida blir svært lang, seier Anja når ho tar i mot sonen som kjem frå skulen. Ho fyrar opp kahytten med ved for at Nils Rainer ikkje skal fryse.

På måndagar og onsdagar har ho ein passasjer til, for då går 4 år gamle Nikolai i Dønhaug Gardsbarnehage.

Båten, som vart laga i Norheimsund for rundt rekna 30 år sidan er ikkje så stor. men veleigna for føremålet. Han

er døypt Lille Blå og vart kjøpt ifjor med tanke på den føreståande skuleskyssen.

Anja medgir at han burde rustast opp litt meir, men ho lovar ein behageleg tur i ein intim kahytt eller ute 'på dekk' hvis veret innbyr til det. Ferda over Storsundet tar vanlegvis maksimalt eit kvarter.

- Og så var det rutetidene...

- Vi opererer berre med omtrentlege tider, det er så mykje som kan skje. Tidene kan variera mykje på grunn av fastlandsaktivitetar, sjukdom og skulefri.

Men det normale er i alle fall at vi går til Uskedalen 7.45 og attende til Skorpo 8.30. 13.15 går vi til Uskedalen att, med retur til Skorpo 14.00. På onsdagar er det tidlegare skuleslutt og difor går vi 11.45 til Uskedalen og 12.15 attende til Skorpo, fortel Anja.

Alle som vil ha skyss bør ringja 534 86201 - helst kvelden før. Båten har eige mobilnummer - 975 41209

- men telefonen ligg i båten og ein får difor svar berre når båten går.

Og Lille Blå kjem til og går frå Sandakaaien!

Av Ola Matti Mathisen